Nærøyfjorden verneområdestyre

Postadresse
Nærøyfjorden verneområdestyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Fjordsenteret
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3134

fmvlpost@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/naroyfjorden

Bjørn Ståle Vike
Tokvamsvegen 12
5745 AURLAND

Sakshandsamar Jorunn Vallestad **Vår ref.** 2020/3927-0 432.2 **Dykkar ref.** **Dato** 28.01.2021

Dispensasjon - Delegert vedtak - Nærøyfjorden verneområdestyre - Øvste Stigen - motorferdsel - helikopter

Sender vedlagt delegert vedtak frå Nærøyfjorden verneområdestyre.

Informasjon om klagerett

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Jorunn Ospedal Vallestad
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Ottar Stegen
SNO Aurland
Aurland kommune
Fylkesmannen i Vestland

Landskapsvernområde Nærøyfjorden og Bleia-Storebotnen
Naturreservat Grånosmyrane, Nordheimsdalen, Bleia

Nærøyfjorden
verneområdestyre

Arkivsaksnr: 2020/3927-0
Sakshandsamar: Jorunn Vallestad
Dato: 27.01.2021

Utval	Delegeringssak (DS)
Nærøyfjorden verneområdestyre	

Delegert sak - Nærøyfjorden verneområdestyre - Øvste Stigen - motorferdsel - helikopter

Delegert vedtak

I medhald av delegeringsreglement vedteke av Nærøyfjorden verneområdestyre 30.11.2015, vert det gjort fylgjande vedtak:

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Bjørn Vike løyve til landing med helikopter på Øvste Stigen for å fly material og utstyr i høve restaurering av løa. Løyvet gjeld 2 landingar i perioden 1. – 15. februar 2021, og flyruta Hjødlo – Øvste Stegen.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 2.3, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Transporten skal avgrensast til det som er naudsynt for transport av material og utstyr.
- Under transport skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Bruk av helikopter skal meldast til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (tlf. 97097720) seinast dagen før transport.
- Transport skal samordnast med anna transport i området dersom det er mogleg.
- Dette løyvet skal vere med i helikopteret under transport.
- Det skal sendast rapport til sekretariatet for verneområdestyret innan 01.05.2021.

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld tilhøve etter verneforskrifta.

Saksopplysningar

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002

- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008

Grunneigar Ottar Stegen har fått løyve til restaurering av løa på Øvste Stegen. Restaureringshandverkar Bjørn Vike søkjer på vegne av grunneigar om løyve til landing med helikopter for transport i samband med restaureringsarbeidet. Det skal transporterast vindauge, agregat og bensin, pluss eit mogleg returhiv. Helikoptertransporten skal gjennomførast i perioden 01. – 15. februar 2021. Flyruta går frå Hjødlo til Øvste Stegen.

Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter*».

Det er eit generelt forbod mot motorisert ferdsle, lågtflyging under 300 meter og landing i Nærøyfjorden landskapsvernområde jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.1. Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gje løyve til luft- og snøskutertransport av materiale til hytter, bruer m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og stølar jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.3.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Løa på Øvste Stigen er eit viktig kulturminne i Nærøyfjorden landskapsvernområde, og verneområdestyret har gitt løyve til restaurering av løa i sak 2020/3927. Helikopter er einaste moglegheit for å transportere tunge gjenstandar og større mengder materiale opp til Øvste Stigen.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden og synfaringar i området. Den einaste trua arten som er registrert i området (Naturbase 04.06.2020) er sommarfuglen stor bloddråpesvermar (EN i Norsk raudliste for artar) som er funnen på Nedste stigen. Denne arten er ikkje forventa å bli negativt påverka av helikopterlanding på vinteren. Stor bloddråpesvermar er avhengig av eit opent kulturlandskap, og restaurering av løa er derfor venta å vere positivt for denne arten på lang sikt, ved at det aukar sjansen for at kulturlandskapet blir halde i hevd. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml § 8 er vurdert som godt nok for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.

Økosystemtilnærming og samla belastning på verneområdet skal vurderast jf. nml § 10. Forvaltninga ynskjer å praktisere reglane i landskapsvernområdet på ein måte som held motorferdsla på eit nivå som ikkje er til skade for naturmangfaldet. Det er derfor viktig at

helikoptertransporten avgrensast til det som er naudsynt, og søkjar vert oppmoda om å samordne transporten med anna transport i området dersom det er mogleg. Forvaltar vurderer den samla belastninga av motorferdsel i denne delen av Nærøyfjorden landskapsvernområde til å vere på eit akseptabelt nivå. Helikoptertransporten er nødvendig for å restaurere eit viktig kulturminne, og vil ikkje medføre særleg miljøforringingar utover den tida den pågår. Nml § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

I følgje verneforskrifta kan forvaltningsstyremakta gje løyve til transport av utstyr og material til bygningar. Helikopter er her einaste moglege måte å transportere inn tungt utstyr og material til arbeidet. Transporten vert vurdert som miljøforsvarleg til dette føremålet jf. nml § 12.

Konklusjon

På bakgrunn av vurderingar etter nml §§ 8-12 og verneforskrifta, vurderer forvaltar bruk av helikopter til å transportere opp utstyr og material til ikkje å vere i strid med verneforskrifta, og gjev løyve til transporten.